

Vår kjære kollega og venn, Hallvard Holdaas har gått bort.

Vi fekk denne triste meldinga 17.6.21. Det er kunn godt og vel 2 år sidan han vart pensjonist. Han har vore ein bauta i norsk nyre -og transplantasjonsmiljø. Han har også vore ein markert og anerkjent person i det internasjonale fagmiljøet innan transplantasjon.

Hallvard hadde stor fagleg kapasitet og LIS legar som var innom for å læra om transplantasjon, stipendiatane hans og vi som arbeidde med han over mange år har hatt glede av hans kunnskap og råd. Han hadde også eit spesielt godt samarbeid med sjukepleie tjenesten på poliklinikken og dialysen. Hallvard har hatt fleire oppgåver i Nyreforeningen, særleg har han vore viktig i kurskomiteen over mange år. Hallvard var viktig person i mange store internasjonale studiar og han hadde eit stort nettverk. Han spreidde humør og engasjement og vi hugsar alle latteren hans.

Vi har gode minner om Hallvard og er glade for at vi fekk vera hans kollegaer.

Oslo, 21.6.2021

Seksjon for Nyresykdommer, Avdeling for Transplantasjonsmedisin, OUS-RH.